

# Julenatt

AV AINA BASSO

FOTO: Kym MacKinnon / Unsplash
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

© Nynorsksenteret 2021

Seint på julekvelden går Hans ut
på tunet. Natta er svart. Snøen
glitrar i skinet frå fullmånen.
Han synest han høyrer noko.
Snur seg fort.

Den finaste jenta han nokon gong
har sett, står bak han.



Ho ler mot han:
– Kom og ta meg!

Ho spring, og Hans spring etter.
Føtene søkk djupt i snøen.
Det lange håret flaksar bak henne.



Ho stoggar då ho kjem til den
store haugen.
– Blir du med inn?

Haugen løftar seg, og eit varmt
lys stråler ut. Inne er bord fulle av
mat, vakker musikk.
Ho rekker ut handa.



Idet same ser han noko stikke ut
frå skjørtet hennar. Ei kurumpe!
Han blir kald inni seg og ryggar
vekk.
– Kva er det?
Ho smiler ikkje meir.



Hans spring heim så fort han kan.
Låser døra godt bak seg.
Kjenner letta over at han slapp
unna huldra og å bli fanga i berget
til evig tid.